

FUSJONSPROGRAMMET HIB, HISF OG HSH

PROSJEKT «FAGLEG PLATTFORM, PROFIL OG STRATEGI»

Protokoll frå første møte i styringsgruppa, fredag 2.9.2016 kl. 12.50-13.50

Desse er med i styringsgruppa:

- Knut Steinar Engelsen, professor HSH (prosjektleder)
- Eva Haukeland Fredriksen, viserektor forskning, HiB
- Geir Anton Johansen, dekan HiB
- Randi Skår, dekan HiSF (også medlem av prosjektgruppa)
- Stein Joar Hegland, dekan HiSF (*møtte ikkje*)
- Anne Robbestad, dekan HSH
- Joar Sande, HiSF (tillitsvald)
- Marit Breivik, HiB (tillitsvald)
- Tina Åsgård, HiB (tillitsvald) (*møtte ikkje*)
- Cecilie Fredheim, studentrepresentant HSH
- Per Walther Lassen, studentrepresentant HiSF
- Eigil Hole Lønning, studentrepresentant HiB
- To eksterne representantar, utpeika av HiB (ikkje nemnde opp enno)

Frå sekretariatet: Lene Borgen, HSH (hovudsekretær), Georg Arnestad HiSF
Frå prosjektgruppa møtte også Gro Anita Fønnes Flaten, forskingsdirektør HiB.

Drøftinga i møtet konsentrerte seg om følgjande:

- Oppgåva til styringsgruppa
- Viktige tema i utgreiinga

Oppgåva til styringsgruppa

Styringsgruppa var klar på at ho ønskjer å vere proaktiv; dvs. kome med innspel, vere med i diskusjonen, kunne leggje føringar på kva som skal vere tema for kartlegginga til prosjektgruppa osv. Styringsgruppa ønskjer sjølv å vere ein ressurs i kartleggingsarbeidet, både når det gjeld å foreslå personar/miljø vi bør kontakte, og å hjelpe til med å skaffe kontaktar.

Det vert eitt felles møte mellom styrings- og prosjektgruppa før leveransen 10. oktober, truleg i veke 40. Ein felles database («pool») for relevante dokument for prosjektet bør verte etablert på Box, med underkategoriar. Det kan òg etablerast eit virtuelt diskusjonsforum for arbeidet. Det vart òg peikt på at fellesmøta for ulike faglege grupperingar ved dei tre høgskulane kan verte nyttige forum for innspel.

Viktige tema i utgreiinga

Gruppe nemnde her universitetsambisjonen, eigenart og kjerneverdier, vestlandsidentiteten, mulegheitene innanfor området innovasjon/nyskaping/omstilling, synergier, forholdet til UiB, at HVL skal vere ein styrke for regionen, kva HVL skal markere seg med, rolla til dagens forskingssentra, tverrfaglegheit, fagområde på tvers, studiekvaliteten for den enkelte student.

Neste møte

Fastsetjing av dato for neste møte skjer via Doodle, med forslag til ulike datoar/tidspunkt. Svarfrist på e-postar, møteinnkallingar o.l. er éin dag.